# REGLEMENT FOR INTERN DELEGERING I VIK KOMMUNE



Vedteke av kommunedirektøren 25.8.24

# Innhald *(klikk på overskrifta for å koma til kapittelet!)*

1 Vedtak ..... 5
1.1 Kommunestyret sitt vedtak ..... 5
1.2 Kommunedirektøren sitt vedtak ..... 5
2 Innleiing ..... 5
2.1 Prinsipielle saker ..... 5
2.2 Hovudprinsipp ved delegering ..... 6
2.3 Målsetjing med delegert mynde ..... 6
3 Definisjonar ..... 6
3.1 Organ ..... 6
3.2 Delegering ..... 6
3.3 Kurante saker ..... 6
3.4 Prinsipielle saker ..... 7
4 Om delegasjon til kommunedirektøren ..... 7
5 Vurdering og avgjerd om ei sak er prinsipiell ..... 7
6 Delegasjonsreglementet sin status ved lovendring ..... 8
7 Kommunedirektøren si rapporteringsplikt ..... 8
8 Delegasjon frå kommunedirektøren ..... 8
8.1 Kommunelova 22.6.2018 nr. 83 ..... 8
8.2 Vallova 28.6.2002 nr. 57 ..... 8
8.3 Plan- og bygningslova 27.6.2008 nr. 71 ..... 8
8.4 Matrikkelloven 17.6.05 nr. 101 ..... 8
8.5 Veglova 21.6.63 nr 23 ..... 8
8.6 Vass- og avløpsanlegglova 16.3.12 nr. 12 ..... 8
8.7 Forureiningslova 13.3.81 nr. 6 ..... 9
8.8 Friluftslova 28.6.57 nr. 16 ..... 9
8.9 Viltlova 29.5.81 nr 38 ..... 9
8.10 Lakse- og innlandsfiskelova 15.5.92 nr 47 ..... 9
8.11 Jordlova 12.5.95 NR. 23 ..... 9
8.12 Beitelova 16.6.61 nr. 12 ..... 9
8.13 Hundelova 4.7.03 nr. 74 ..... 9
8.14 Lov om matproduksjon 19.12.03 nr. 124 ..... 9
8.15 Odelslova 28.6.74 nr. 58 ..... 9
8.16 Forpaktingslova 25.6.65 ..... 9

8.17 Skogbrukslova 27.5.05 nr. 31 ... 9
8.18 Brann og eksplosjonsvernlova 14.6.02 nr 20 ... 9
8.19 Eigedomsskattelova 6.6.75 nr. 29 ... 10
8.20 Skattebetalingslova 17.6.05 nr. 67 ... 10
8.21 Alkohollova 2.6.89 nr. 27 ... 10
8.22 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag 10.6.77 nr. 82 ... 10
8.23 Lov om film og videogram 15.5.87 nr. 21 ... 10
8.24 Lov om helgedagar og helgedagsfred 24.2.95 nr 12 ... 10
8.25 Serveringslova 13.6.97 nr.55 ... 10
8.26 Stadnamnlova 18.5.90 nr. 11 ... 10
8.27 Forvaltningslova 10.2.67 ... 10
8.28 Opplæringslova 17.7.98 nr. 61 ... 10
8.29 Vaksenopplæringslova 19.6.09 nr. 95 ... 10
8.30 Barnehagelova 17.6.05 nr. 64 ... 10
8.31 Barnevernlova 18.6.21 nr. 97 ... 10
8.32 Folkehelselova 24.6.11 nr. 29 ... 11
8.33 Sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga 18.12.09 nr. 131 ... 11
8.34 Helse og omsorgstenestelova 24.06.11 nr. 30 ... 11
8.35 Smittevernlova 5.8.94 nr. 55 ... 11
8.36 Tobakkskadelova 9.3.73 nr. 14 ... 11
8.37 Folkebiblioteklova 20.12.85 nr. 108 ... 11
8.38 Eigarseksjonslova 16.6.17 nr. 65 ... 11
8.39 Konsesjonslova 28.11.03 nr. 98 ... 11
8.40 Lov om vassdrag og grunnvatn (vannressurslova) 24.11.00 nr. 82 ... 11
8.41 Naturmangfaldlova 19.6.09 nr. 100 ... 11
8.42 Arkivlova 4.12.92 nr. 26 ... 11
8.43 Integreringslova 6.11.20 nr. 127 ... 11
8.44 Småbåtlova 26.6.98 nr. 47 ... 12
8.45 Offentleglova 19.5.06 nr. 16 ... 12
8.46 Lov om pasient og brukarrettar 2.7.99 nr. 63 ... 12
8.47 Lov om offentlege anskaffingar 17.6.16 nr 73 ... 12
8.48 Lov om helsepersonell 2.7.99 nr 64 ... 12
8.49 Husbanklova 29.05.09 nr 30 ... 12
8.50 Sivilbeskyttelseslova 25.6.10 nr. 45 ... 12
8.51 Personopplysningslova 15.06.2018 nr 38 ... 12

8.52 Dyrehelsepersonellova 15.06.2001 nr 75 ..... 12
8.53 Lov om hamner og farvatn 21.6.19 nr. 70 ..... 12
8.54 Kulturlova 29.06.2007 nr. 89 ..... 12
8.55 Husleigelova 26.03.1999 nr. 17 ..... 12
9 Diverse saker ..... 13
9.1 Fast eigedom ..... 13
9.2 Erstatningskrav ..... 13
9.3 Personaladministrasjon ..... 13
9.3.1 Tilsetjing ..... 13
9.3.2 Lønsforhandlingar ..... 13
9.3.3 Permisjonar ..... 13
9.3.4 Opphøyr av tilsetjingsforhold ..... 14
9.4 Attestering og tilvisingar ..... 14
9.5 Eigne web-baserte sakshandsamingssystem ..... 14
10 Mynde i rettslege tvistar ..... 14

# 1 Vedtak

## 1.1 Kommunestyret sitt vedtak

Delegerings- og innstillingsreglement for Vik kommune vart handsama i kommunestyret sitt møte den 20.6.2024 som sak 063/2024. Fylgjande er notert i møteboka frå møtet:

1. Med heimel i kommunelova § 5-3, 3. ledd, får formannskapet delegert mynde i samsvar med vedlagde «Delegerings- og innstillingsreglement for Vik kommune».
2. Med heimel i kommunelova § 13-1, 6. ledd, delegerer kommunestyret kommunen sin avgjerdsrett til kommunedirektøren etter dei lover og reglement som går fram av vedlagde «Delegerings- og innstillingsreglement for Vik kommune».
3. Instillingsinstituttet skal praktiserast slik det går fram av vedlagde «Delegerings- og innstillingsreglement for Vik kommune».
4. Med heimel i kommunelova § 5-4 vert kommunen sitt mynde etter lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver (brann og eksplosjonsvernlova) av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter delegert til representantskapet i Sogn brann og redning IKS. Råmene for delegering omfattar ikkje viktige og prinsipielle saker som etter lova er lagt til kommunestyret sjølv.

Mot 5 røyster (May-Britt Starheim, Siri Wølneberg Bøthun, Eivind Sverre Lidal, Bjarne Engum (SP) og Bjørg Fritsvold (SV)).

## 1.2 Kommunedirektøren sitt vedtak

Kommunedirektøren vedtek vidaredelegering av mynde internt i organisasjonen slik dette kjem fram nedanfor i dette dokumentet.

# 2 Innleiing

Kommunelova sitt utgangspunkt er at kommunestyret – med nokre unntak – kan delegera alt sitt mynde enten til formannskapet eller til administrasjonen. Kommunestyret har likevel framleis det overordna ansvaret.

Kommunestyret har delegert til formannskapet å avgjera alle saker av prinsipiell betydning som ikkje kommunestyret sjølv skal behandla. Formannskapet innstiller i saker av prinsipiell betydning som kommunestyret sjølv skal behandla.

Delegasjon til administrasjonen skal skje til kommunedirektøren. Enkeltsaker og saker av ikkje-prinsipiell betydning er i utgangspunktet delegert. Kommunedirektøren har høve til å vidaredelegera mynde.

## 2.1 Prinsipielle saker

Saker av prinsipiell betydning kan ikkje delegerast til kommunedirektøren, jf. Kommunelova § 5-3, 3. ledd og § 13-1, 6. ledd. Slike saker er dermed ikkje delegert, sjølv om reglementet

etter sin ordlyd kan forståast slik. Delegasjonsreglementet må brukast som om det stod at «alt mynde som ikkje er av prinsipiell betydning, er delegert til kommunedirektøren». Når delegasjon er lovstridig for prinsipielle saker, medfører det at kommunedirektøren ikkje har kompetanse til å treffa vedtak i saka, og at han/ho pliktar å føra saka vidare til politisk handsaming.

For saker om lovpålagte oppgåver kan kommunestyret delegera mynde til andre rettssubjekt så lang lovgjeving opnar for det, jf. Kommunelova § 5-4.

### 2.2 Hovudprinsipp ved delegering

Etter kommunelova av 2018 er alt mynde lagt til kommunestyret. Kommunestyret kan delegera sitt mynde til andre politiske organ, til kommunedirektøren (kommunedirektøren) eller andre rettssubjekt, med mindre det er lovbestemt at mynde ikkje kan delegerast.

### 2.3 Målsetjing med delegert mynde

Målsetjing med delegert mynde er å gjera arbeidsform og vedtaksprosessar tenlege og effektive. Ved å delegera mynde til å ta avgjerd i kurante saker, der avgjerda følgjer direkte av lov, føresegn eller frå kommunen sin eigne vedtak, får administrasjonen frigjort tid som kan nyttast til å:

- gje betre tenester til innbyggjarane.
- ta raskare avgjerd i einskildsaker slik innbyggjarane forventar.
- betre tilrettelegging av prinsippsaker, skjønnsprega saker og andre spørsmål som må handsamast av politiske organ.
- betre utnytting av administrative ressursar.

## 3 Definisjonar

### 3.1 Organ

Eit organ er definert som kommunestyre, formannskap, eit politisk utval, ein komité eller kommunedirektøren.

### 3.2 Delegering

Overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet i eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til kan treffa avgjerd innan vedtaket sine rammer på vegne av det delegerande organet.

Delegering av mynde medfører *ikkje* at det delegerande organet gjev frå seg mynde eller ansvar på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta tilbake det mynde som er delegert.

### 3.3 Kurante saker

Avgjerder som meir eller mindre fylgjer av lov, føresegn/regelverk eller kommunen sine eigne vedtak, og ut frå dette har liten grad av skjønn, vert rekna som kurante saker. Sakene må ikkje ha økonomiske konsekvensar utover dei økonomiske rammene for planlagt aktivitet (budsjett).

### 3.4 Prinsipielle saker

- avgjerd som treng ei breiare skjønnsmessig vurdering.
- avgjerd der det er politiske vurderingar eller prioriteringar.
- avgjerd der ein innleiar ein ny praksis.
- avgjerd som medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet (budsjett).

Dersom det er uklårt om ei sak er prinsipiell eller kurant, skal kommunedirektøren avklara dette med ordførar. Dei avklaringar som vert gjort, utviklar ein praksis som supplerer reglane i delegeringsreglementet.

# 4 Om delegasjon til kommunedirektøren

Det er berre kommunestyret som kan delegera til administrasjonen. Når det vert delegert til administrasjonen, blir fullmakta alltid lagt til kommunedirektøren. Dette med nokre få unnatak der det i særlover spesifikt blir sagt at eventuell delegering skal leggjast til andre fagfunksjonar/styre.

Delegasjonsreglementet legg til grunn prinsippet om at alle einskildsaker i første hand skal avgjerast av administrasjonen. Det er ein føresetnad at desse sakene er kurante, dvs. at dei har klare føringar enten i form av lov, føresegner, reglement eller vedtak.

Sakene må også kunna handsamast innanfor budsjetterte rammer.

Myndet til kommunedirektøren kan samanfattast slik:

- Vedtaksmynde i kurante saker, med unnatak av der kommunestyret gjennom reglement eller positivt har lagt mynde til politiske organ.
- Vedtaksmynde i alle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og den einskilde tilsett, inkludert oppretting/nedlegging av stillingar og tilsetjing/oppseiing/avskjed/suspensjon.
- Mynde til å disponera budsjettet innanfor kvart budsjettområde/sektor, og til å omdisponera budsjettmidlar mellom sektorane innanfor den totale budsjettramma til administrasjonen.
- Mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtaler innanfor normal drift.
- Kommunedirektøren har ikkje høve til å handsama saker som ikkje er kurante. Kommunedirektøren kan då:
    a) leggja dei fram for formannskapet.
    b) trekkja ut dei prinsipielle spørsmåla og leggje dei fram for politisk handsaming før einskildsaka vert avgjort administrativt.

# 5 Vurdering og avgjerd om ei sak er prinsipiell

Administrasjonen har eit sjølvstendig ansvar for å vurdera om ei sak er prinsipiell. Er sakshandsamar i tvil, skal han/ho leggja saka fram for overordna og eventuelt

kommunedirektøren som avgjer om saka er prinsipiell. Dersom kommunedirektøren finn saka tvilsam, skal spørsmålet leggjast fram for ordføraren. Ordføraren kan, om ho/han ikkje sjølv tek avgjerd, leggja saka fram for kommunestyret. Vedtak her vil vera retningsgjevande for tilsvarande saker i ettertid.

# 6 Delegasjonsreglementet sin status ved lovendring

Endringar i lover og forskrifter vil automatisk falla inn under det delegerte mynde dersom dette ikkje er i strid med lov eller kommunestyret bestemmer noko anna. Dersom lover blir oppheva og erstatta av nye, gjeld tilsvarande.

Ved vesentlege endringar i lover og/eller forskrifter skal kommunedirektøren leggja spørsmålet fram for kommunestyret til avgjerd.

# 7 Kommunedirektøren si rapporteringsplikt

Kommunedirektøren skal jamleg rapportera om saker som er avgjort etter delegert mynde. Rapporteringa skal skje til vedkomande politiske organ som saka høyrer under. Rapporteringa kan skje i form av delegerte saker/referatsaker i etterfylgjande møte.

# 8 Delegasjon frå kommunedirektøren

## 8.1 Kommunelova 22.6.2018 nr. 83

Kommunedirektøren sitt mynde vert ikkje vidaredelegert med unntak av det som følgjer av kapittel 9.3 personaladministrasjon.

## 8.2 Vallova 28.6.2002 nr. 57

Kommunedirektøren sitt mynde vert ikkje vidaredelegert.

## 8.3 Plan- og bygningslova 27.6.2008 nr. 71

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

## 8.4 Matrikkelloven 17.6.05 nr. 101

Kommunestyret sjølv fastset gebyrregulativ i samsvar med gjeldande regel i § 32.

Kommunedirektøren delegerer alt anna mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

## 8.5 Veglova 21.6.63 nr 23

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef kommunalteknikk.

## 8.6 Vass- og avløpsanlegglova 16.3.12 nr. 12

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef kommunalteknikk.

**8.7 Forureiningslova 13.3.81 nr. 6**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef kommunalteknikk, kommunalsjef samfunn næring og kkultur og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.8 Friluftslova 28.6.57 nr. 16**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur

**8.9 Viltlova 29.5.81 nr 38**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.10 Lakse- og innlandsfiskelova 15.5.92 nr 47**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.11 Jordlova 12.5.95 NR. 23**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.12 Beitelova 16.6.61 nr. 12**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.13 Hundelova 4.7.03 nr. 74**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.14 Lov om matproduksjon 19.12.03 nr. 124**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.15 Odelslova 28.6.74 nr. 58**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.16 Forpaktingslova 25.6.65**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.17 Skogbrukslova 27.5.05 nr. 31**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef samfunn, næring og kultur, og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.18 Brann og eksplosjonsvernlova 14.6.02 nr 20**

Mynde er delegert til representantskapet til Sogn Brann og Redning IKS.

**8.19 Eigedomsskattelova 6.6.75 nr. 29**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til assisterande kommunedirektør.

**8.20 Skattebetalingslova 17.6.05 nr. 67**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til assisterande kommunedirektør.

**8.21 Alkohollova 2.6.89 nr. 27**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur.

**8.22 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag 10.6.77 nr. 82**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur.

**8.23 Lov om film og videogram 15.5.87 nr. 21**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for oppvekst.

**8.24 Lov om helgedagar og helgedagsfred 24.2.95 nr 12**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.25 Serveringslova 13.6.97 nr.55**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur.

**8.26 Stadnamnlova 18.5.90 nr. 11**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.27 Forvaltningslova 10.2.67**
Formannskapet er klagenemnd etter forvaltningslova § 28.

I saker der det er ekstern klageinstans gjeld fylgjande: Klage på vedtak som er gjort av kommunedirektøren etter delegert mynde, og der klagen ikkje blir teken til fylgje, skal sendast direkte til klageinstansen utan handsaming i formannskapet.

**8.28 Opplæringslova 17.7.98 nr. 61**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for oppvekst.

**8.29 Vaksenopplæringslova 19.6.09 nr. 95.**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for oppvekst.

**8.30 Barnehagelova 17.6.05 nr. 64**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for oppvekst.

**8.31 Barnevernlova 18.6.21 nr. 97**
Alt mynde som ikkje etter lova eksplisitt er lagt til anna instans vert delegert til kommunedirektøren. Leiaren i Vik kommune sitt barnevern, eller vedkomande sin

stadfortredar, er dei einaste som kan fatta tvangsvedtak etter lova §§ 4-1, 4-2, 4-3, 4-4 og 4-5, og elles utøva det mynde som barnevernlova eksplisitt legg til leiarstillinga.

Ansvar for tilsyn med fosterheim vert lagt til barneverntenesta.

**8.32 Folkehelselova 24.6.11 nr. 29**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for helse og velferd.

**8.33 Sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga 18.12.09 nr. 131**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for helse og velferd.

**8.34 Helse og omsorgstenestelova 24.06.11 nr. 30**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef helse og velferd.

**8.35 Smittevernlova 5.8.94 nr. 55**
Kommuneoverlegen er pålagt ansvaret for å utføra oppgåver etter lova direkte i medhald av § 7-2.

**8.36 Tobakkskadelova 9.3.73 nr. 14**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur.

**8.37 Folkebiblioteklova 20.12.85 nr. 108**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur.

**8.38 Eigarseksjonslova 16.6.17 nr. 65**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.39 Konsesjonslova 28.11.03 nr. 98**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.40 Lov om vassdrag og grunnvatn (vannressurslova) 24.11.00 nr. 82**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.41 Naturmangfaldlova 19.6.09 nr. 100**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.42 Arkivlova 4.12.92 nr. 26**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til assisterande kommunedirektør og personalsjef.

**8.43 Integreringslova 6.11.20 nr. 127**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for helse og velferd.

**8.44 Småbåtlova 26.6.98 nr. 47**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.45 Offentleglova 19.5.06 nr. 16**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til assisterande kommunedirektør og personalsjef.

**8.46 Lov om pasient og brukarrettar 2.7.99 nr. 63**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for helse og velferd.

**8.47 Lov om offentlege anskaffingar 17.6.16 nr 73**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til assisterande kommunedirektør.

**8.48 Lov om helsepersonell 2.7.99 nr 64**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for helse og velferd.

**8.49 Husbanklova 29.05.09 nr 30**
Kommunedirektøren delegerer ikkje sitt mynde vidare.

**8.50 Sivilbeskyttelseslova 25.6.10 nr. 45**

Kommunestyret sjølv handsamar spørsmålet om å oppretta tilfluktsrom. Den heilskaplege ROS-analysen skal forankrast i kommunestyret i løpet av valperioden.

Alt anna mynde etter lova blir delegert til kommunedirektøren.

Kommunestyret utnemner kommunedirektøren til kriseleiar i fredstid.

Kommunedirektøren delegerer ikkje sitt mynde vidare.

**8.51 Personopplysningslova 15.06.2018 nr 38**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til assisterande kommunedirektør.

**8.52 Dyrehelsepersonellova 15.06.2001 nr 75**
Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur og tenesteleiar plan og forvaltning.

**8.53 Lov om hamner og farvatn 21.6.19 nr. 70**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for kommunalteknikk.

**8.54 Kulturlova 29.06.2007 nr. 89**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til kommunalsjef for samfunn næring og kultur.

**8.55 Husleigelova 26.03.1999 nr. 17**

Kommunedirektøren delegerer sitt mynde til assisterande kommunedirektør.

# 9 Diverse saker

## 9.1 Fast eigedom

Kommunedirektøren delegerer ikkje sitt mynde etter dette punktet vidare.

## 9.2 Erstatningskrav

Kommunedirektøren delegerer ikkje sitt mynde etter dette punktet vidare.

## 9.3 Personaladministrasjon

### 9.3.1 Tilsetjing

Kommunedirektøren vidaredelegerer tilsetjingsmynde slik:

- Mynde til tilsetjing i alle stillingar i oppvekstsektoren, med unntak for stillinga som kommunalsjef, vert delegert til kommunalsjef oppvekst.
- Mynde til tilsetjing i alle stillingar i sektoren for helse og velferd, med unntak for stillinga som kommunalsjef, vert delegert til kommunalsjef helse og velferd.
- Mynde til tilsetjing i alle stillingar i kommunalteknisk sektor, med unntak for stillinga som kommunalsjef, vert delegert til kommunalsjef tekniske tenester.
- Mynde til tilsetjing i alle stillingar i stab, med unntak for stillinga som assisterande kommunedirektør, vert delegert til assisterande kommunedirektør.
- Mynde til tilsetjing i alle stillingar i samfunn, næring og kultur, med unntak for stillinga som kommunalsjef, vert delegert til kommunalsjef samfunn, næring og kultur.

Dei leiarar som i kulepunkta ovanfor er delegert mynde til tilsetjing vert også delegert mynde til å fastsetja løn innanfor desse rammene:

- Løn kan fastsetjast i samsvar med minsteløn.
- Lønsplassering utover dette: personalsjefen avgjer i høve reglement, avtalar og praksis for samordning.

### 9.3.2 Lønsforhandlingar

Kommunedirektøren og personalsjefen gjennomfører lønsforhandlingar for kommunen som arbeidsgivar for alle tilsette med unntak av kommunedirektøren sjølv og kommunedirektøren si leiargruppe. Kommunedirektøren fastset sjølv løna for leiargruppa si.

### 9.3.3 Permisjonar

- Kommunedirektøren delegerer mynde til å innvilga permisjonar på inntil 3 dagar til tenesteleiarane i kvar sektor.
- Kommunedirektøren delegerer mynde til å innvilga permisjonar på inntil 5 dagar til kommunalsjefane i kvar sektor.
- Andre permisjonar: personalsjefen avgjer i høve reglement og praksis for samordning.

### 9.3.4 Opphøyr av tilsetjingsforhold

Kommunedirektøren delegerer til kommunalsjefane praktisk arbeid med avvikling av tilsette sitt arbeidstilhøve etter eigen oppseiing frå tilsett.

## 9.4 Attestering og tilvisingar

Kommunedirektøren vidaredelegerer tilvisingsmynde i respektive sektorar til assisterande rådmann og kommunalsjefane. Assisterande kommunedirektør og kommunalsjefane kan vidaredelegere tilvisingsmynde til tenesteleiarar i sin sektor. Mynde kan også delegerast til andre tilsette etter avtale med kommunedirektøren. Assisterande kommunedirektør og kommunalsjefane skal delegere tilvisingsmynde i leiaravtale med den aktuelle leiaren.

## 9.5 Eigne web-baserte sakshandsamingssystem

Nokre offentlege instansar har oppretta særskilde nasjonale web-baserte søknads- og sakshandsamingssystem. I desse systema vert godkjenning av søknadar gjeve (vedtak gjort) elektronisk. Sakshandsamar er godkjent frå systemeigar og har eigne brukarnavn og passord for innlogging.

Kommunedirektøren delegerer mynde for fyljande sakshandsamarsystem/saksfelt til sakshandsamar:

| System | Ansvarleg | Søknadar |
|---|---|---|
| Agros | Landbruksdirektoratet | Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel<br>Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)<br>Tilskot til drenering |
| Elf | Landbruksdirektoratet | Erstatning for klimabetinga avlingsskader<br>Erstatning for tap av sau på beite<br>Erstatning etter offentlege pålegg og restriksjonar |
| e-Stil-PT | Landbruksdirektoratet | Produksjonstilskot i jordbruket<br>Tilskot til avløysing og ferie |
| e-Stil- RMP og OBB | Landbruksdirektoratet | Regionalt miljøtilskot<br>Tilskot til drift av beitelag |
| Øks | Landbruksdirektoratet | Skogfond og tilskotsordningane i skogbruket |
| Hjorteviltregisteret | Miljødirektoratet | Fellingsløyve hjortevilt |

# 10 Mynde i rettslege tvistar

Kommunedirektøren delegerer ikkje sitt mynde etter dette punktet vidare.